

Hei!

Viser til brev frå Statens vegvesen vedrørande Sykkelbyen Florø, der det kjem fram at Statens vegvesen ikkje vil yte økonomisk tilskot i 2020 eller i åra framover. Dette brevet er vedlagt.

Kinn kommune er kritisk til at denne informasjonen kjem så seint i 2020, då kommunen gjennom året har sine løpande kostnadar knytt til arbeid med sykkelbyen og økonomisk tilskot jf avtale er lagt til grunn for arbeidet. Kinn kommune vert ramma hardt økonomisk innan satsinga i 2020 om ikkje tilskotet vert utbetalt. Tilskotet i 2020 ville vore i størrelses orden 450.000-500.000,- og mesteparten av midlane er allereie forskottert.

Kinn kommune må også ta ein ny vurdering av sykkelbyordninga dersom tilskotet fell vekk dei kommande åra.

Ber om at Vestland fylkeskommune tar med seg Kinn kommune sine innspel vidare.



Helsing  
**Frode Ellingsund**  
Kinn kommune, teknisk sjef

**Telefon** 992 54 699  
**E-Post** [frode.ellingsund@kinn.kommune.no](mailto:frode.ellingsund@kinn.kommune.no)  
**[www.kinn.kommune.no](http://www.kinn.kommune.no)**



## Statens vegvesen

KINN KOMMUNE  
Postboks 294  
6701 MÅLØY

Behandlande eining:  
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:  
Oddvar Andreas Skrede / 94383151

Vår referanse:  
20/182762-2

Dykkar referanse:

Vår dato:  
06.10.2020

### Økonomisk tilskot i samband med sykkelbyavtale – Florø i Kinn kommune

Viser til sykkelbyavtalen for «Sykkelbyen Florø», inngått med Flora kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune i 03.02 2015 og forlenging av avtale av 17.10.2018. Forlenga avtale går ut ved årsslutt 2021.

Avtalen er ei av fleire liknande sykkelbyavtalar Statens vegvesen har inngått de seinaste åra for å bidra til auka bruk av sykkel og betra tryggleik for syklistar. Avtalene har vore noko ulikt utforma og tilpassa dei respektive prosjekta, men felles for dei er at Statens vegvesen har bidratt med ressursar og i ein skilde tilfelle også i form av økonomiske tilskot. I samband med ny organisering frå 1.1.2020 er det ikkje lenger aktuelt å yte slike tilskot.

Med heimel i avtalen der det under avsnitt om økonomi står at «*avtalen er avhengig av årlege budsjettvedtak hjå partane*», gjer vi derfor merksam på at Statens vegvesen ikkje vil yte økonomisk stønad i år eller eventuelt komande år. Vi vil forsette å bidra med ressursar som angjeve i avtalen.

Divisjon for Transport og samfunn

Med helsing

Tone Margrethe Oppedal  
Avdelingsdirektør

Torun Emma Torheim  
Seksjonsleiar Transportforvaltning vest 1

Postadresse  
Statens vegvesen  
Transport og samfunn  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Sanderplassen 6  
6800 FØRDE

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*